

Eldar Heide:

Djúpshöfn, (d)juksògn, juksa.

Artikkelen har stått i *Håløygminne* 2004, s. 367-71

Ordet og tingen *jukse / juksa* f. 'handsnøre til å fiske på djupt vatn med' er vel blant dei tinga flest av oss forbind med Nord-Noreg. Faktisk er det langt på veg teki opp i riksspråket i nordnorsk form (den vanlegaste), med *-a* i ubunden form, slik at ein ofte ser på prent slikt som "fiske med line og juksa". (Prøv berre å søke etter *juksa* på internett.) Det er sprikande meiningar om kva ordet kjem av. Her drøftar eg tidlegare framlegg, og kjem fram til at *juksa* er ei forkorting av *juksògn*, at den forma er lydrett utvikla av gammalnorsk *djúpshöfn*, at det gammalnorske ordet tyder 'hevar frå djupet', og at det fekk meining i kontrast til den andre snøretypen, *dorg*, som kjem av verbet *draga* og opphavleg tyder 'dragar, slepar'.

Sidan det er etymologi eg drøftar, skriv eg heretter ein stum *d* fremst i *djuksa* osb. Ordet (ordformene) er i tradisjonell dialekt utbreidd frå (Nord-)Vestlandet og nordover (sjå Modéer 1953: 94-95). I dag er forma *juksa* best kjend, men tidlegare stod lengre former sterkare. Av "meddelare på Vestlandet [är det] vanligen skrivet *djupsogn, jupsogn*, i Nord-Norge däremot oftast med *ks*: (*d*)*juksogn, juksong, joksån, juksån, juksånn* (men även t.ex. *jösogn, jussång*);¹ från år 1646 [är det] belagt hos Christen Jensøn (Sunnfjord)", seier Modéer (ibid: 94), i forma *diubsoug*, som venteleg er misprent for **diubsong* (ibid). Den lange forma blir òg ofte skrivi med *a* i sistelekken, *djupsagn* o.l. Eit døme på det er Peter Dass i *Nordlands Trompet* frå slutten av 1600-talet (Dass 1989: 89), og det er fleire døme i *Norsk ordbok I*, under *djupsogn*. Den artikkelen fortel òg at *djupsagn* er offisiell skriftform (!) sidan 1938.² Folkeetymologiske omlagingar er *ju(k)sòngel* og *juksaròngel* (sjå Hovda 1961: 32, Bertheussen 1955: 16, *Norsk ordbok I*).

Alf Torp var den fyrste fagmannen som vurderte etymologien. Han meinte *djuksògn* er "forvansket av g[ammel]no[rsk] *djúpshöfn* f, d[et] s[amme]", og viste til "höfn redskap" (Torp 1992). *Djúpshöfn* er belagt i ei islandsk bispesoge (*Biskupa sögur* II: 179), og Sigfús Blöndal har notert det frå nyislandsk (Sigfús Blöndal 1920, *djúpshöfn*), men eg finn det ikkje i andre nyislandske kjelder.

Modéer meiner *djuksògn* ikkje kan komma av *djúpshöfn*, for *höfn* er ikkje kjent i tydinga 'reiskap', og samansettingar med *djúp* n. skal ikkje ha genitivs-*s*, meiner han. I staden føreslår han at *djuksògn* kjem av eit tenkt gammalnorsk **djúp-sókn*, der *sókn* er 'krok, dregg'. Overgangen *-sókn* > *-sògn* skal da komma av at ordet stod trykklett i samansettinga. Forma *djuksògn*, med *ks*, er ikkje problematisk, seier Modéer, for "ks för ps är en vanlig företeelse". (Modéer 1953: 94-96). Så vanleg er det ikkje, men det han tenkjer på er former som *glekse* for *glefselglepse* f. 'saks, felle' i Nord-Noreg, og *kveks* for (*k*)*vefsl*(*k*)*veps* m. 'insekt' i Trøndelag og nokre distrikt på Austlandet; og stadnamn som *Oksås* av *Upsáss*, i Inn-Trøndelag; og *Løks-hammaren*, som ligg atmed garden *Laupen*, også Inn-Trøndelag. (Dei to siste døma munnl. oppl. Arnold Dalen. Hovda 1961: 96 viser til meir litteratur om dette.)³ – Kortforma *djuksa*,

¹ Modéer og Hovda skriv stundom *-o-* (*juksogn*), stundom *-å-* (*juksån*), utan at det er ulik uttale. Eg skriv konsekvent *ò* (uttala "å") etter det historiske opphavet. Alternativet hadde vori lydskrift, men her vil eg helst unngå det.

² På nordsamisk heiter denne fiskereiskapen *giehtaváðđu* (Kåven et al. 1995), som bokstavleg tyder 'handsnøre', og derfor ikkje kastar lys over etymologien til dei norske ordformene.

³ I lys av dei nye teoriene om samisk påverknad på nordisk språk (sjå t.d. Kusmenko 2002, 2003 og Riebler 2002) kunne ein tenkt seg at denne overgangen kom av kontakt med samisk, sidan samisk har veksling mellom svakt stadium med *vss* og sterkt stadium med *ks* i mange ord (sjå t.d. Nickel 1994: 30, om nordsamisk). Vekslinga minner om vekslinga mellom nominativ og oblique kasus i gammalnorsk, og dannar eit sterkt mønster.

djuks er ei yngre form, seier Modéer; han har opplysningar om at ho er kommen nordfrå til Trøndelag og sørfrå til Senja, og meiner ho er spreidd mykje gjennom Lofot-fisket. Kortforma kan vera ei "nybildning" til forma *djuksòn*, som er kjend frå Nordland og Troms. *Djuksa* kan ha oppstått fordi *djuksòn* vart oppfatta som dativ av eit lint hokjønnsord, eller vera lydrett utvikla "i de talrika sammansætningarna, t. ex. *juksebolck*, *-båt*, *-fiske*, *-kall*, *-ongel*, *-snøre*, *-sula*, *-taum*." (Modéer 1953: 96-97)

Per Hovda avviser at *djupsògn* kjem av **djúpsókn*, for *-kn-* blir ikkje *-gn-* (*-ngn-*) i vestnorsk eller nordnorsk, heller ikkje i trykklett stilling. At genitivssamansetting *djúps* (med *s*) skal vera avvikande, kan ikkje stemme, seier han, og viser til parallellar med *-s*. Hovda avviser også at *djúpshøfn* > *djupsògn/djuksògn* kan vera lydrett utvikling. Hans syn er at *djuksa*, *djuksògn* og *djuksòn* er to eller tre åtskilde ord. Berre *djuksòn* svarar lydrett til *djúpshøfn*. *Djuksògn* er så avleidd av *djuksòn* med folkeetymologisk tilknytning til *agn*, fordi *djuksòn* ikkje gav mening. Her stør Hovda seg på folkeetymologiske former som *ju(k)sòngel* og *juksaròngel*. *Høfn* i opphavsforma *djúpshøfn* forklarar Hovda som ei "gamal avleiing med i[ndo]e[ropeisk] *-no-* suff[iks] til i[ndo]e[ropeisk] **qap-* (**kap-*) 'ta, gripa' [...]. *Djúpshøfn* f. skulle då kunna tyda: 'reiskap til å fanga i djupet med, 'djupfangaren''. Hovda avviser at *djuksa* skal vera ei yngre form enn *djuksògn*, og konstruerer **djúpshaf* n. som gammalnorsk opphav til den forma. Dette **djúpshaf* skal vera "ei samansetjing med *hav* n. 'det å draga fisk opp frå djupet, og reiskapen ein nyttar til å draga opp med'", og høyre i hop med verbet *hefja* "gripa, ta, hevja" (Hovda 1961: 30-34).

Så var det mine vurderingar, fyrst om det metodiske: Når vi kjenner den norrøne forma *djúpshøfn* med same tyding som *djupsògn*, *djuksògn*, *djuksòn*, *djuksa*, og fleire av dei yngre formene liknar mykje på den gamle forma, da er oppgåva vår å forklare overgangen frå *djúpshøfn* til dei yngre formene. Konstruerte, "konkurrerande" opphavsformer har da liten verdi. Det gjeld **djúpsókn* og **djúpshaf*, og det gjeld det offisielle *djupsagn*, som er ein folkeetymologi. Hovda si forklaring av *djupsògn/djuksògn* har elles den haka at mellomsteget *djuksòn*, som forklaringa føreset, berre er kjent frå Nordland og Troms (jf. Hovda 1961: 31). Da blir det vanskeleg å forklare at også Vestlands-forma *djupsògn* har *g*. (Ho må vera sjølvstendig utvikla, når det heiter *djups-* og ikkje *djuks-*, som i Nord-Noreg.) Den nordnorske forma *djuksòng* høver òg dårleg med Hovda si forklaring, for dersom det var slik at tankekopling til *agn* endra *djuksòn* til *djuksògn*, så burde den same tanken hindre forma *djuksòng* (utan *n* til slutt) i å oppstå.

Djúpshøfn kan gje god mening om den reiskapen det er snakk om, betre enn Hovda får til når han set *høfn* i samband med ei opphavstyding 'ta, gripe'. Mitt resonnement bygger på at det i prinsippet finst to snøretypar:

1. Den ein dreg etter seg når ein ror og som ofte sleper like under yta. Den heiter *dorg* f., som er avleidd av å *draga* (sjå t.d. Torp 1992).
2. Den ein dreg rett opp frå djupet når ein ligg i ro: *djúpshøfn*. I somme tydingar er *høfn* verbalsubstantiv til *hefja* (Bjorvand og Lindemann 2000, under *hevne*), og tyder altså "heving". *Djúpshøfn* blir da 'djupheving, heving frå djupet', og rimelegvis også 'reiskapen ein brukar til det', slik tilfellet er med det nærskyldde *hav*, som er nemnt ovanfor. *Djúpshøfn* 'djuphevar, hevar frå djupet' gjev god mening i kontrast til *dorg* 'dragar, slepar'.

Til dømes har lånordet *akse* m. fått nominativ *ávssis*, danna etter mønsteret ut frå sterkt stadium *áksá*. Det er likevel tvilsamt om samisk har noko med den norske overgangen å gjera, for (*k*)*veks* finst også på Austlandet, og sørsamisk har ikkje stadieveksling.

Korleis kan så voksteren *-hqfn* til *-ðgn* forklarast? Gammalnorsk *fn* blir elles *mn* i dei målføra det er snakk om. (I *hqfn* 'livdeplass for båtar på sjøen' blir *q* dessutan *a*: *hamn*. Men *a*-en er vel overført frå kasusformene som hadde *a* i gammalnorsk, og det er naturleg at det ikkje har skjedd i ei leksikalisert samansetting, som *djúpshqfn* jo er.) Etter mitt syn har Ragnvald Iversen svaret: Voksteren *-hqfn* > *-ðgn* høyrer til den austlandske og nordafjellske voksteren *aun* > *ðgn* (*ðngn*), den vi har i **raun* > *rogn* 'treslag', *baun* > *bogn* 'bønne' (Iversen 1913: 82). Det er rett nok eit problem at *-(h)qfn* ikkje er heilt parallelt til *aun*, jamvel om ein tek med at *aun* vart uttala *qun*. (I gammalnorsk vart diftongen mykje skrivi *ou*. Når normalisert norrønt har *au*, bygger det mest på gammalisländsk. Jamfør Noreen 1923: 93 og Indrebø 1951: 151, fyrste linja). Det er ikkje *qfn* som blir *ðgn/ðngn*, det er *qun* som blir det. Som løysing føreslår Iversen at overgangen har skjedd "allerede medens *f* endnu var bilabial spirant" (Iversen 1913: 82). Eg ser ikkje at det løyser problemet, for heller ikkje da blir *hqfn* parallelt til *qun*. Løysinga kan vera at *hqfn* fekk særutvikling når det stod i ei sterkt leksikalisert samansetting, slik som her. At *djúpshqfn* har vori ei slik samansetting, ser vi av at *-djúps-* har kunna bli *-djuks-*. I ordet *hqfn* kan særutvikling ha vorti letta av at det i tydinga 'heving' har vori uvanleg (ingen andre belegg.), slik at det i tanken har hatt veik kontakt med den bokstavlege tydinga. Eg vil fram til at *-hqfn* sannsynlegvis vart forkorta i *djúpshqfn*, slik at *q* og *f* vart trengde i hop, og i så fall ville rundinga lett "smitte over" frå *q* til *f*. Da blir Iversen si forklaring uproblematisk.

Etter dette blir *djuksðgn* (på Vestlandet) og *djuksðgn* lydrett utvikling av *djúpshqfn*. (*H-* bortfallet er berre slik ein skal vente.) *Djuksðng* og *djuksðn* er "nedslitne" variantar av *djuksðgn*, og *djuksa* er siste steg i utviklinga. Eg har, som Modéer, opplysningar om at den forma er yngre enn *djuksðgn* o.l., i alle fall i Midt-Troms (Munnleg opplysning Aud-Kirsti Pedersen, Kvaløya). Når det gjeld utviklinga til *djuksa*, veit eg ikkje om Modéer kan ha rett i at *djuksðn* vart oppfatta som dativ av eit lint hokjønnsord, for det er berre (i fjordbygdene) på Sør-Helgeland at dativ har vori i bruk fram mot vår tid. Dativ var sjølvstøtt meir utbreidd for nokre hundre år sidan, men da var vel ikkje den avveikte forma *djuksðn* så vanleg. Fyrst og fremst er det vel "slitasje" som er årsak i avkortinga til *djuksa*, slik som når *Kongshamn* i Alta er vorti *Komsa*. Fleire faktorar kan ha hjelpt på. At *djuksðgn* så ofte står i samansetting, slik Modéer peikar på, bør ha vori viktig, fordi *-ðgn* da vart ståande trykklett og inneklemt. At det vart "svekt" til akkurat *-a* er rimeleg fordi *ð* ("å") elles uvanleg i trykklett stilling. (Jamfør overgang av trykklett *ð* > *a* i ord som *auðr* > *auar* 'uer' og adjektiv som *rutòt* > *rutat* mange stader.) Det høver med dette at *djuksa* er blant dei svært få linne hokjønnsorda som får *-a* i samansetting: *djuksafiskar*, *djuksabåt*, osb., mot normalt *grytelokk*, *linefiske*, osb.⁴

Korleis bør desse orda skrivast? Normalt skriv vi den stumme *d*-en i ord som er samansette med *djupe*. Men ordforma *juksa*, som i dag rår grunnen, er så omlaga at vel berre filologar kjem på at det kan ha noko med *djupe* å gjera. Når skrivemåten dessutan er heilt innarbeidd utan *d*, skulle det ikkje vera grunn til å skrive *d*-en til vanleg. Det same kan seiast om formene *juksðngn*, *juksðng*, *juksðn*. Men der uttalen er *jupsðgn* (*jupsðngn*), meiner eg *d*-en bør skrivast, altså *djupeogn*, fordi det der er tydeleg at føreleken er *djupe*. Skrivemåten *djupeagn* bør unngåast, fordi han er ein konstruksjon bygd på ei etymologisk mistyding.

Litteratur:

Bertheussen, Carl, 1955: *Carl Bertheussen forteller. Radiokåserier*. Tromsø: Nord-norsk forlag.

⁴ Elles veit eg berre om eitt døme med *-a*, nemleg samansettingar med *førra* i Troms: *førraskog* 'furuskog', osb.

- Biskupa sögur*, 1858. 2 band. Gefnar ut af hinu Íslenzka bókmentafèlagi. Kaupmannahöfn: Íslenzka bókmentafèlagið.
- Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindemann, 2000: *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B. 105. Oslo: Novus forlag.
- Dass, Petter, 1989: *Nordlands Trompet. Den nordiske Dale-viise*. Ved Didrik Arup Seip. Innleiing av Solveig Tunold. Oslo: Aschehoug.
- Hovda, Per, 1961: *Norske fiskeméd. Landsoversyn og to gamle médbøker*. Skrifter frå Norsk stadnamnarkiv 2. Oslo: Universitetsforlaget.
- Indrebø, Gustav, 1951: *Norsk målsoga*. Bergen: John Grieg.
- Iversen, Ragnvald, 1913: *Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag*. Videnskapsselskapets skrifter. II. Hist.-filos. klasse 1912. No. 4. Kristiania: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Kusmenko, Jurij, 2002: «Utvecklingen av suffigierad negation i urnordiskan.». I *Strövtåg i nordisk språkvetenskap*, red. av Jurij Kusmenko et al., Kleine Schriften des Nordeuropa Institutes 27. Berlin: Nordeuropa-institut, Humbolt-Universität zu Berlin. 102-20.
- , 2003: «Der saamische Einfluß auf die skandinavischen Sprachen: Die Suffigierung des bestimmten Artikels und das s-Passiv.». I *Convergence and Divergence of European Languages*, red. av Per Sture Ureland, Studies in Euroloinguistics 1. Berlin: Logos Verlag.
- Kåven, Brita, et al., 1995: *Sámi-dáru sátnegirji. Samisk-norsk ordbok*. Kárášjohka/Karasjok: Davvi Girji.
- Modéer, Ivar, 1953: *Norska ordstudier*. Uppsala Universitets årsskrift 1953:2. Uppsala: A.-B. Lundequistska bokhandeln.
- Nickel, Klaus Peter, 1994: *Samisk grammatikk*. 2. utg. [Karasjok]: Davvi girji.
- Noreen, Adolf, 1923: *Altnordische Grammatikk I. Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter berücksichtigung des urnordischen*. Vierte vollständig umgearbeitete Auflage. Halle: Max Niemeyer.
- Norsk ordbok*, 1966. Red. av Alf Hellevik et al. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Hovudredaktør Alf Hellevik til og med b. 4, h. 1; Lars S. Vikør frå og med b. 4, h. 2. Oslo: Samlaget.
- Rießler, Michael, 2002: «Samiskt och finskt substrat i nordskandinaviska dialekter.». I *Strövtåg i nordisk språkvetenskap*, red. av Jurij Kusmenko et al., Kleine Schriften des Nordeuropa Institutes 27. Berlin: Nordeuropa-institut, Humbolt-Universität zu Berlin. 78-90.
- Sigfús Blöndal, 1920: *Íslandsk-dansk ordbog. Íslensk-dönsk orðabók*. Reykjavik: I kommission hos Verslun Þórarins B. Þorlákssonar.
- Torp, Alf, 1992: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Faksimileutgåve. Originalutgåve 1919. Oslo: Bjørn Ringstrøms antikvariat.